LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Henrik Lindås

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Per Sveinar Morsund | 11.08.2017 |
| Vår: 17/1931 - 17/22389 | Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no | |

# Avvist søknad om sammenføying av brukseiningar gbnr 108/590 Lindås

**Administrativt vedtak. Saknr:**

**Tiltakshavar:** Henrik Lindås

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, 20-4

**Tiltak**

Saka gjeld samanføying av to brukseiningar på gbnr 108/590.
Det vert elles vist til søknad motteken 18.06.17

**VURDERING:**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.
Søknad om samanføying av brukseiningar krev søknad om tiltak etter pbl §20-3 med krav om bruk av ansvarleg foretak.

Vi ser vidare av korrespondansen at de har fått feil opplysningar i forbindelse med innsending av søknad. Vi beklagar dette og det vil difor heller ikkje bli gjeve noko gebyr for avvist søknad. Vi ber om at de kjem attende med ny søknad etter pbl §20-3, søknadspliktig tiltak med krav om ansvarlige foretak.

**VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om samanføying av brukseiningar på gbnr 108/590 avvist.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

**Post**
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.
Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1931**

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Per Sveinar Morsund<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**
Henrik Lindås